

FON-SAK NR: 17 /2011

SAKSANSVARLEG: RAGNHILD SOLHEIM  
SAKSBEHANDLAR: ANDREAS ÅKERSTRØM  
ÅGOT AAKRA  
ARKIVSAK NR: 2010/1895



UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG  
BIOVITSKAP

FORSKINGSNEMNDA

## Sak 17/2011 Tildeling av gjesteforskarstipend 2011 – klage på vedtak

### Dokument

- a) Saksframlegg
- b) Vedlegg
  1. Brev frå Erik Næsset
  2. Utlysing av gjesteforskarstipend 2011
  3. [Saksdokument FoN-sak 9/2011](#) og søknader om gjesteforskarstipend

### Forslag til vedtak

*Blir formulert i møtet*

Ås, 18.02.2011  
Ragnhild Solheim  
Forskningsdirektør

## Bakgrunn

Forskingavdelinga har mottatt klage på vedtaket i FoN-sak 9/2011, tildeling av gjesteforskarstipend 2011 frå ein av søkjarane, prof. Erik Næsset, INA, sjå vedlegg 1. Næsset meiner at FoN har gjort ein feil i vedtaket ved ikkje å tildela gjesteforskarstipend til Matti Maltamo, og Forskingsavdelinga ber om at FoN handsamar saka på nytt

Vedtaket i FoN-sak 9/2011 (utkast til møtebok) var som følgjer:

### Sak 9/2011 Tildeling av gjesteforskarstipend 2011

#### Dokument

- a) Saksframlegg
- b) Vedlegg:
  - 1. Utlysing
  - 2. Søknader

Pål Vedeld gjekk frå møtet under handsaming av saka.

#### Vedtaket:

1. Følgjande søknader om gjesteforskarstipend blir innvilga:

Institutt	Søkjar	Gjesteforskar	Søkt beløp (kr)	Tildeling (kr)
<b>IKBM</b>	Vincent Eijsink	Peter Biely	29000	<b>29000</b>
<b>IKBM</b>	Morten Sørлие	Takayuki Ohnuma	25000	<b>25000</b>
<b>IMT</b>	Hans Ekkehard Plesser	Sharon Crook	50000	<b>38000</b>
<b>APC</b>	Margareth Øverland	Francisco Javier Moyano	44000	<b>38000</b>
<b>IKBM og IPM</b>	Åsa Frostegård	James P. Shapleigh	39000	<b>34000</b>
<b>IPM</b>	Brit Salbu	Carmel Mothersill	38000	<b>34000</b>
<b>Noragric</b>	Stig Jarle Hansen	David M. Berry	40000	<b>38000</b>
<b>Noragric</b>	Pål Vedeld	Marja Spierenburg	32500	<b>32500</b>
<b>Totalt:</b>				<b>268500</b>

Fordi det var søkt om gjesteforskarstipend for langt meir enn budsjettet kunne dekkja, la Forskingsnemnda følgjande forhold til grunn for rangering av søkjarane, i tillegg til kriteria i utlysinga:

- a) forskarar som tidlegare har fått gjesteforskarstipend ved UMB blir ikkje prioritert for tildeling
- b) unge forskarar blir prioriterte
- c) jamn fordeling mellom institutta.

I sin klage skriv Næsset at FoN i sitt vedtak har lagt andre kriterium til grunn enn kriteria som var gitt i utlysinga. Næsset meiner at tildelingsprosessen er lite føreseieleg og ikkje transparent når FoN legg andre forhold til grunn enn dei som er opplyst i utlysinga til grunn for rangeringa av søknadene.

Det er riktig som Næsset skriv at a) – c) i vedtaket (NB! frå utkast til møtebok, ikkje godkjent enda) over, ikkje var nemnde i utlysinga. Saksframlegget til FoN var Forskingsdirektørens forslag at FoN burde tildela gjesteforskarstipend til gjesteforskarar som dokumenterer stor vitenskapleg produksjon, dvs. i tråd med

kriteriet for prioritering av søknader gitt i utlysinga. FoN ønskte ikkje å gå inn for dette forslaget, og brukte skjøen ved handsaming av saka. I møtet blei det argumentert med at ”unge” UMB-forskarar som inviterer gjesteforskarar og søker om stipend bør vera prioriterte (men ein definerte ikkje kva ein skal leggja i omgrepet ”unge” forskarar). Vidare, blei det vist til eit tidlegare vedtak i FoN om at gjesteforskarar berre kan få gjesteforskarstipend éin gong ved UMB. Forskingsavdelinga oppfatta at dette var noko av grunnen til at søknaden om stipend til Matti Maltamo ikkje blei innvilga (Maltamo hadde gjesteforskaropphald og stipend frå UMB i 2008). Forskingsavdelinga har ikkje kunna finna noko FoN-vedtak om dette, og ein slik praksis har heller ikkje vore brukt. Det er to forskarar som i perioden frå 2005-2009 har fått gjesteforskarstipend ved UMB to gonger. Såleis, kan ein seia at FoN i møtet 8.2. ikkje fekk korrekte saksopplysningar og at FoN dermed gjorde vedtaket på noko sviktande grunnlag.

Det er ikkje tvil om at Matti Maltamo er ein dyktig forskar, med stor vitskapleg produksjon, og søknaden frå Nasset dokumenterer tydeleg meirverdien samarbeidet med denne forskaren har hatt for forskinga ved INA. Forskingsavdelinga vil derfor tilrå at Maltamo får gjesteforskarstipend i 2011 og at tildelinga blir som følgjer:

Institutt	Søkjar	Gjesteforskar	Søkt beløp (kr)	Tildeling (kr)
<b>IHA</b>	Margareth Øverland	Francisco Javier Moyano	44000	<b>38000</b>
<b>IKBM</b>	Vincent Eijsink	Peter Biely	29000	<b>29000</b>
<b>IKBM</b>	Morten Sørli	Takayuki Ohnuma	25000	<b>25000</b>
<b>IMT</b>	Hans Ekkehard Plesser	Sharon Crook	50000	<b>38000</b>
<b>INA</b>	Erik Nasset	Matti Maltamo	46000	<b>38000</b>
<b>IPM og IKBM</b>	Åsa Frostegård	James P. Shapleigh	39000	<b>34000</b>
<b>IPM</b>	Brit Salbu	Carmel Mothersill	38000	<b>34000</b>
<b>Noragric</b>	Pål Vedeld	Marja Spierenburg	32500	<b>32500</b>
<b>Totalt:</b>				<b>268500</b>

### Forskningsdirektørens vurdering

Det er uheldig om FoN fattar vedtak utfrå andre kriterium enn det som er kjent for søkjarar. FoN kan sjølsagt utøva skjøen, men i saker som denne, om tildeling av midlar, er det særskilt viktig at gitte kriterium ligg til grunn for rangering av søknader. Det synest også vera ønskje i FoN om at andre kriterium enn dagens bør vera gjeldande ved utlysing og tildeling av gjesteforskarstipend. Forskingsavdelinga vil derfor i forkant av neste utlysing gjennomgå denne i FoN, slik at ein kan unngå tilfelle som i år.

NOTAT

TIL

Torstein Steine	IHA
Are Aastveit	IKBM
Eva Irene Falleth	ILP
Vidar Thue-Hansen	IMT
Ørjan Totland	INA
Øystein Johnsen	IPM
Ragnar Øygard	IØR
Gry Synnevåg	Noragric

UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG BIOVITSKAP  
FORSKINGSAVDELINGAFRÅ ÅGOT AAKRA  
VÅR REF 2010/1895  
DATO 08.12.2010

## Utlysing av stipend til gjesteforskarar 2011

Med dette lyser ein ut 250 000 kr til gjesteforskaropphald i 2011, med søknadsfrist 26. januar 2011.

### Kort om ordninga

Ordninga gjeld for utanlandske forskarar med doktorgrad som arbeider ved UMB i minst éin månad, helst i løpet av tidsrommet februar 2011– februar 2012. Ein kan søkja om inntil 50 000 kr per gjesteforsker. Søkjar (prosjektleiari) må vera fast vitskapleg tilsett ved UMB. Midlane skal dekkja ei tur-retur-reise for gjesteforskaren, på billegaste måte, og opphald. Kostnader til opphaldet er rekna ut etter ein sats på 24 000 kr per månad og 6 000 kr per ekstra veke utover ein heil månad. Reise for familie blir ikkje dekkja. Midlane dekkar heller ikkje kostnader til drift.

I utgangspunktet er gjesteforskarstipend skattepliktige, men gjesteforskaren kan få frådrag for reelle utgifter og meirkostnader ved opphaldet eller alternativt nytta seg av eit standardfrådrag. Det finst også skatteavtalar med dei fleste land, som i visse tilfelle gir skattefritak. Sjå [www.skatteetaten.no](http://www.skatteetaten.no) eller kontakt lønnsseksjonen i økonomiavdelinga for meir informasjon om skatt. Nyttig informasjon finst også på UMBs gjesteforskarside: <http://www.umb.no/personal/artikkel/international-researchers-gjesteforskere> og på [www.euraxess.no](http://www.euraxess.no) (NFRs portal for forskarrekruttering og mobilitet).

### Krav til søknaden

I søknaden må det vera opplyst om ein også søker andre kjelder for dekning av reise- og opphaldsutgifter. Søknaden skal vera godkjent av søkeren sitt institutt, og instituttleiari signerer søknaden. Søknaden skal elles innehalda prosjekttomtale, der målsetjing for og aktivitetar i opphaldet, samt budsjett, er med. Legg ved CV for gjesteforskaren (maks 2 sider) og stadfesting frå gjesteforskaren og heimeinstitusjonen hans/hennar.

### Kriterium ved tildeling av gjesteforskarstipend

Gjesteforskarar skal komma frå FoU-institusjonar med høgt fagleg nivå innanfor fagområde som er relevante for UMB.

Gjesteforskarar skal ha doktorgrad eller tilsvarande og arbeida innanfor strategisk viktige felt for UMB  
Gjesteforskarar som kan dokumentera stor vitskapleg produksjon vil bli prioriterte ved tildeling.

Send søknaden, saman med vedlegg, til forskingsavdelinga v/Ågot Aakra via ePhorte (sak 2010/1895) eller per e-post ([agot.aakra@umb.no](mailto:agot.aakra@umb.no)).

Med helsing

Ragnhild Solheim  
Forskningsdirektør

Ågot Aakra  
Seniorrådgivar

KOPPI

Dag Austbø	IHA
Gerd Vegarud	IKBM
Annegreth Dietze-Schirdewahn	ILP
Nils Bjugstad	IMT
Tron Eid	INA
Jan Mulder	IPM
Eirik Romstad	IØR
N. Shanmugaratnam	NORAGRIC
Tor Arve Benjaminsen	NORAGRIC